

Framlegg til løysing på omsetting 1

Det kan godt finnast fleire akseptable alternativ. Spør gjerne lærarane om det er noko du lurar på!

Jobb etter studia

80 prosent av våre tidlegare studentar får relevant jobb etter kort tid. Les korfor (kvifor) høgre (høgare) utdanning blir (vert) viktigare i framtida.

Korfor (Kvifor) er det lurt å ta (take, taka) høgre (høgare) utdanning?

Med auka digitalisering vil det bli (verte, verta) færre jobbar. Arbeidstakarane det framleis (enno, ennå) vil vere (vera) plass til i arbeidslivet, er dei med høg kompetanse – og evne til å gjennomgå (gå gjennom) endringar.

Med ein (ei) universitetsgrad blir (vert) du ekspert på å tileigne (tileigna) deg ny kunnskap. Du blir (vert) òg (også, ogso) trent (trena) i å bruke (bruka) kunnskapen på nye område.

Med andre ord: med ei utdanning frå Universitetet i Bergen vil du vere (vera) godt rusta til å takle (takla) omstillingane i arbeidsmarknaden.

Får du jobb?

I 2018 gjorde UiB ei kartlegging av korleis det gjekk med dei som var ferdig utdanna hos (hjá) oss.

- 80 prosent av dei som har teke (tatt) ein (ei) grad ved UiB, var i relevant jobb to år etter avslutta utdanning.
- Dei med mastergrad har større sjanse for å få relevant jobb enn dei med bachelorgrad.
- Dei med mastergrad er mer fornøgdde (nøgde) med jobben sin enn dei som avslutta studia etter bachelorgraden (-grada).

Kva for (Kva slags) kompetanse får du?

Ca. 90 prosent av UiB sine (UiBs) tidlegare studentar meiner studia har gitt (gjeve) dei tilstrekkelege kunnskapar og ferdigheiter til å mestre (meistra) jobben sin.

Dei opplever at følgjande (følgande, fylgjande) ferdigheiter er dei viktigaste når dei søker (søker) jobb:

- samarbeidsevne
- evne til å arbeide (arbeida) under press
- formidlingsevne
- tileigne (tileigna) seg ny kunnskap

Commented [TK1]: Merk forskjellen: eit studium – det studiet – fleire studium – dei studia er noko anna enn ein studie – den studien – fleire studiar – dei studiane

Commented [TK2]: Framforstilt possessiv (våre ... studentar) er litt stivt, men dei tidlegare studentane våre er heller ikkje godt. Kanskje dei som har studert hos (hjá) oss?

Commented [TK3]: Somme vil heller skrive kjem ... til å bli.

Commented [TK4]: Eller kjem til å vere.

Commented [TK5]: Grad er valfritt han- eller hokjønn.

Commented [TK6]: Eller nytte (nytta).

Commented [TK7]: NB! Ikkje r-ending.

Commented [TK8]: Eller kjem ... til å vere.

Commented [TK9]: Eller fullført. Det er ikkje vanleg å bruke enda, sjølv om ordet finst.

Commented [TK10]: Eller dei som har studert ved UiB,?

Commented [TK11]: Eller dugleikar.

Commented [TK12]: Eller dugleikar.

- bruke (bruka) kunnskap på nye område

Dette stemmer òg (også, ogso) godt overeins med det arbeidsgivarar (-gjevarar) oppgir (oppgjev) som dei viktigaste eigenskapane hos (hjá) ein arbeidstakar.

Commented [TK13]: Eller *nytte (nytta)*.

Commented [TK14]: Helst ikkje *kva* her.

Commented [TK15]: Eller *gir opp (gjev opp)*.